



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Komit� for drift	

H yringsuttale: Endring i Lov om sosiale tenester i Arbeids – og velferdsforvaltninga § 20, om plikt til   setje vilk r om aktivitet ved tildeling av  konomisk st nad.

Samandrag av saka:

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om at det kjem inn eit nytt ledd i § 20 i Lov om sosiale tenester i Arbeids- og velferdsforvaltninga. Framlegget inneber at det skal setjast vilk r om aktivitet for tildeling av  konomisk sosialhjelp med mindre det er s rskilte grunnar som talar i mot dette.

Det er allereie i dag heimel i Lov om sosiale tenester i Arbeids- og velferdsforvaltninga til   setje vilk r om deltaking i arbeids og aktivitets retta tiltak knytt til  konomisk sosialhjelp, og i Fjell kommune vart dette innf rt ultimo september i 2012. Det har vore 247 personar som har f tt krav om aktivitetsplikt til  konomisk sosialhjelp i tida 27.09.2012 – 18.08.2014. Slutt rsak for dei 247 fordelar seg slik:

35 % gjekk til aktivitet.

20% har g tt til ordin ert arbeid.

21% er avslutta grunna helse: Rus, l yvd AAP, erkl ring fr  lege/ fritak.

16 % har slutta fordi dei ikkje lenger har vedtak.

8% har «anna»: Flytting, utestengd, fengsel, l yvd pensjon, o.a. som slutt rsak

Innstilling:

Komit  for drift vedtek:

Fjell kommune har gode erfaringar med aktivitetsplikt knytt til  konomisk sosialhjelp og st r framlegget om endring i Lov om sosiale tenester i Arbeids- og velferdsforvaltninga § 20.

Straume, den 25.08.2014

Steinar Nesse
R dmann

Rune Jacobsen
Leiar NAV Fjell

Dokument vedlagt saka:

- Høyringsbrev om plikt til å stille vilkår om aktivitet ved tildeling av økonomisk stønad – endring i Lov om sosiale tenester i Arbeids- og velferdsforvaltninga
- Elektronisk lenkje til høyringsnotat om plikt til å stille vilkår om aktivitet ved tildeling av økonomisk stønad – endring i Lov om sosiale tenester i Arbeids- og velferdsforvaltninga:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/asd/dok/hoeringer/hoeringsdok/2014/Horing--plikt-til-a-stille-vilkar-om-aktivitet-ved-tildeling-av-okonomisk-stonad---endring-i-lov--om-sosiale-tjenester-i-arbeids--og-velferdsforvaltningen--20/Horingsnotat.html?id=761697>

Saksopplysningar:

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om at det kjem inn eit nytt ledd i § 20 i Lov om sosiale tenester i Arbeids- og velferdsforvaltninga. Framlegget frå departementet er slik: (Endringsforslaget går fram av utheva skrift).

§ 20. Bruk av vilkår om aktivitet

Det skal settes vilkår om aktivitet for tildeling av økonomisk stønad med mindre tungtveiende grunner taler mot det.

Vilkårene må ha nær sammenheng med vedtaket og ha som mål at stønadsmottakeren skal bli helt eller delvis selvhjulpent. De må ikke være uforholdsmessig byrdefulle for stønadsmottaker eller begrense hans eller hennes handle- eller valgfrihet på en urimelig måte. Vilkårene må heller ikke være i strid med andre bestemmelser i loven her eller andre lover.

Ved brudd på vilkårene kan det fattes vedtak om at stønaden reduseres, forutsatt at det i vedtaket om stønad og vilkår er informert om muligheten for slik reduksjon.

Departementet kan i forskrift gi nærmere retningslinjer for bruk av sanksjoner.

Vurdering:

Det er allereie i dag heimel i sosialtenestelova til å setje vilkår om deltaking i arbeids og aktivitetens retta tiltak knytt til økonomisk sosialhjelp, og i Fjell kommune vart dette innført ultimo september i 2012.

Økonomisk sosialhjelp er meint som hjelp i ein mellombels periode i påvente av arbeid og aktivitet, eller i påvente av eit helseavklaringsløp. Det er ikkje meininga at den einskilde over år og lang tid skal leve av og være « innelåst » i sosialhjelpa. I dette biletet er det at Fjell kommune set vilkår knytt til økonomisk stønad om at den einskilde må møte på det kommunale lågterskel tiltaket «Muligheten» for å få oppfylging i frå NAV.

Ved dagleg oppmøte ynskjer NAV å ha kontakt med den einskilde for å kunne gi den einskilde hjelp og oppfylging til å kome seg vidare i systemet enten til aktivitetar, arbeid, eller til eit avklaringsløp knytt til helsesituasjon.

I Fjell ynskjer vi å halde kontakten med den einskilde, jobbe systematisk og ta i bruk heile NAV kontoret sine verkemedel. Dersom vi skal hjelpe våre brukarar ut av sosialhjelpa, lyt vi ha kontakt for å kunne gi rett oppfølging. Dei som vi ikkje har kontakt med, har vi heller ikkje høve til å avklare for enten arbeid, tiltak eller helseavklaringsløp.

Dersom vi gjennom kontakten med den einskilde avdekkjer rus problem vert vedkomande overført til rusteam i NAV og vilkår om å delta på «Muligheten» fell vekk, idet tiltaket ikkje

er for dei med rusproblem. Er det helseavklaringar som må på plass kan vi fylgje til lege, og hjelpe til med å få tilstrekkeleg dokumentasjon og avklaringar til at inntektssikring kan finne si løysing via andre rettigheiter.

Det er dei som vert vurdert som friske og arbeidsføre som får vilkår om å møte på «Muligheten». Det som ofte skjer er at vi gjennom dagleg kontakt kan få gjort avklaringar og få avdekkja ein problematikk som ikkje er synleg slik med ein gong. Vi held nøye fokus på at «Muligheten» er eit tiltak for dei som er friske og arbeidsføre og som har føresetnader til å delta og få utbytte av tiltaket.

Resultat: Etter snart to års drift ved «Muligheten» kan vi visa fylgjande resultat

Det har vore 247 personar som har fått krav om aktivitetsplikt til økonomisk sosialhjelp i tida 27.09.2012 – 18.08.2014. Sluttårsak for dei 247 fordelar seg slik:

35 % (86 av dei 247) gjekk til aktivitet.

20% (51 av dei 247) har gått til ordinært arbeid.


21% (51 av dei 247) er avslutta grunna helse: Rus, løyvd AAP, erklæring frå lege/ fritak.

16 % (40 av dei 247) har slutta fordi dei ikkje lenger har vedtak.

8% (19 av dei 247) «anna»: Flytting, utestengd, fengsel, løyvd pensjon, o.a.

Av dei 247 har personar hatt 16 re-oppstart. Dette utgjør om lag 6 %. Alle desse er no avslutta.

Gjennomsnittleg tid for deltaking for den einskilde er på om lag 2-3 månader.



Om brot på vilkår

I Fjell kommune har vi innført fylgjande sanksjonar ved manglande oppmøte:

Dagleg frammøte på « Muligheten» kl. 09 er eit vilkår for utbetaling av økonomisk sosialhjelp. Dersom den einskilde ikkje møter opp til avtalt tid og/eller uteblir frå tiltaket utan gyldig fråvær gjeld fylgjande:

- Ved 5 min for seint: Trekk av ein halv dag livsopphald.
- Ved oppmøte etter kl. 11: Trekk for ein dag livsopphald.
- Ved ugyldig fråvær: Trekk for ein dag livsopphald.
- Ved langvarig ugyldig fråvær kan stønad til både livsopphald, husleige og straum verte vurdert stansa/reduisert. ‘

I høyringsnotatet gjer departementet framlegg om at det vert gjeve heimel til å utarbeide nærare retningsliner for bruk av sanksjonar i ei eiga forskrift. Fjell kommune ser i møte ein slik heimel og nærare retningsliner for sanksjoneringa. Det er særleg trong for å sjå på yting til naudhjelp i dei tilfelle der det har vore gjort trekk i økonomisk sosialhjelp på grunn av manglande oppmøte til aktivitetsplikt. I Fjell erfarer vi somme tider slike tilfelle, og vi har vurdert ein praksis om å gi vedtak om naudhjelp, som vert utbetalt etter dagleg oppmøte på vårt tiltak «Muligheten». Vårt aktivitetstiltak er ope og er eit ståande tiltak så lenge det vert løyvd økonomisk sosialhjelp.